

# Høyring av verneplan for skog

## Hovdestøyl og Songedalsnuten naturreservat, Fyresdal kommune



*Høgbonitetsgranskog i samanbrot i lisidene sør for Sundsvatn. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark  
Januar 2022**

Innhold	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	7
6. Faktaark.....	8
7. Framlegg til verneforskrift.....	13

**Vedlegg:** Vernekart er lagt ved høyringa som eget vedlegg.

## **1. Bakgrunn**

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til vern av Hovdestøy og Songedalsnuten naturreservat i Fyresdal kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Tilboden kom først inn hausten 2018 og var utvida med ytterligare tilbod i mai 2020 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2019 og 2020 som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven. Området vart sendt på oppstartsmeldinga med namnet Songedalsnuten, medan det på kartet over verneforslaget vart kalla Hovdestøy - Songedalsnuten. I høyringa vert det brukt namnet Hovdestøy og Songedalsnuten.

## **2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern**

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsigte arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane fylkesmennene tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

## **3. Heimelsgrunnlag**

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

”Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,

- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”*

#### **4. Saksgang**

Formell start på verneplanarbeidet for Hovdestøyl og Songedalsnuten naturreservat vart meldt 29. oktober 2021 med namnet Songedalsnuten, og frist for innspel var 15. desember 2021.

Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Bane NOR (brev dagsett 02.11.2021) uttaler følgjande:

«Områdene som skal vernes ligger langt fra jernbane. Bane NOR har ingen merknader.»

Språkrådet (brev dagsett 17.11.2021) uttaler følgjande:

«Vi har ingen merknader til namnforslaget Songedalsnuten. Namnet høver på det foreslalte verneområdet, og Songedalsnuten er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR. I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive Hovdestøyl - Songedalsnuten. Dersom begge namna skal nyttast på naturreservatet, tilrår vi å nytte bindeordet og framfor bindestrek: Hovdestøyl og Songedalsnuten.»

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.11.2021) uttaler følgjande:

«Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

#### **Grundig beskriving av området**

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta.

Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal
- o Traktorveg i samband med jordbruk
- o Støl/seterområde
- o Beite
- o Reindrift

#### **Utforming av forskrift**

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette

*for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyningsdokumenta.*

*Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifa kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyningsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.*

*For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde busfe.*

*Vi går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.»*

**Forsvarsbygg** (brev dagsett 07.12.21) uttaler følgjande:

*«Vi ser foreløpig ingen konfliktar med det føreslårte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemnd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber og om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemnd. Vi har ingen ytterligare merknader til verneframlegget nå.»*

**BirdLife Norge avdeling Telemark** (brev dagsett 14.12.21) uttaler følgjande:

#### **«Kartlegging av fuglelivet i føreslårte verneområder**

*Vi er opptatt av at kartleggingsprosessen frem til endelig vern av skogsområder må inkludere kartlegging av fuglelivet i de aktuelle områdene. En gjennomgang av tidspunktene for kartleggingene av de aktuelle områdene i denne saken viser at et klart flertall skjer fra september til november. Noen få i august og én i juli. Flere arter av trekkfugl har allerede dratt fra landet i september. På sensommeren og høsten er det i tillegg mange fuglearter som ikke gjør så mye av seg eller til og med har flyttet seg ut av hekkeområdene, og disse kartlegges dermed best på senvinteren eller våren.*

*Et eksempel for å vise mangelfull kartlegging av fugl er rapporten fra Modalen i Tokke kommune. I løpet av 7 feltdager så var det enten ingen fuglearter som ble observert eller ingen som var viktige nok til å bli nevnt.*

*Et annet aspekt er at når man har feltarbeid for å påvise en del av de andre artsgruppene, så som lav, sopp, karplanter og biller, så krever dette så stor oppmerksamhet at det ofte kan bli vanskelig å få med seg det fuglelivet som må være i området med mindre man har dedikert personell til stede.*

#### **Om frivillig vern av skog**

*Sett bort i fra mangelfull kartlegging av fugleliv er BirdLife Telemark positive til frivillig vern av skog. Men det betyr ikke automatisk at alle områdene som blir foreslått for vern er like godt egnet til dette vernet.*

*Det er viktig at de områdene blir satt av til frivillig vern er av en slik verdi at det føles viktig å verne områdene. Når det er et mål at 10% av skogen i landet vårt skal vernes så er det viktig at skogen har stor nok verdi til å forsvare et vern, og at resurser ikke går med på vern av områder som er av lav verdi for biologisk mangfold.*

*Ettersom grunneiere får kompensasjon for å avgi et område til frivillig vern samt at det finnes begrensede midler til dette, så bør man også være tilbakeholdende med å verne områder uten så store verneverdier.*

### **Forslag i forbindelse med verneplanarbeidet**

*BirdLife Telemark foreslår at de områdene som kun har lokal verneverdi (område 3, 5, 8, 9, 21 og 25) går ut av planene for frivillig vern og at de midlene som skulle blitt brukt til dette heller brukes ved en annen anledning når man får tilbud om områder som har høyere verneverdi.*

*Videre foreslår vi at områdene som har regional verneverdi blir fredet. Først og fremst innenfor de områdene som kartleggerne har vurdert som verneverdig, men i tillegg at man også tillater at et område rundt blir vernet som en fornuftig buffersone for de verneverdige områdene. Dette gjelder områdene; 2, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23 og 27. Samtlige av de foreslalte områder som har nasjonal eller internasjonal verneverdi bør bli vernet innenfor de rammene som er lagt.*

*Optimalt sett bør vern også på sikt innebære redusert omfang av jakt, spesielt på rødlistede arter.»*

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (brev dagsett 15.12.21) uttaler følgjande:

### **«Generell kommentar til verneplanarbeidet**

*Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til invitasjon om å komme med uttale til Statsforvaltarens verneplanarbeid for 28 skogområde i Telemark. NVMT har i høve til skogområda lokalisert i Midt-Telemark-regionen lagt merke til at nokre av verneforsлага som nå ligg ute, viker i påfallande grad fra fagbiologars eigne verneforslag. Generelt er tendensen at fagbiologanes arronderinger er meir restriktive enn tilbydars, og i enkelte tilfelle betydeleg meir restriktive. NVMT vil nytte høvet til kommentere at det er to problem Statsforvaltaren må legge vekt på i vernearbeidet framover: 1) Me er bekymra for at verneprosenten for Telemark på sikt kan fyllast i for stor grad opp av skog med liten eller ingen verneverdi, og 2) at vern av skogområde bestående av ungskog og hogstflater også vil kunne svekke publikums tillit til at myndighetene vernearbeid fagleg sett er forsvarleg. Under vil me kommentere to av dei føreslalte verneforsлага spesielt, begge lokalisert i Nome kommune.*

...

### **Avsluttande merknader**

*Naturvernforbundet i Midt-Telemark meiner at fleire interessante og viktige område i denne prosessen er blitt føreslalte for vern, men me ser også med ei viss bekymring på tendensen til å inkludere større areal med liten eller ingen verneverdi i dei ulike forslaga. Tilfella me har valt å kommentere ovanfor skil seg spesielt ut, og da i ein slik grad at Statsforvaltaren etter vår mening bør gjera vernesonene for desse to lokalitetane meir restriktive og meir i samsvar med fagbiologanes vurderingar.»*

Statnett (brev dagsett 16.12.21) uttaler følgjande:

*«Det vises til melding om oppstart av verneplanprosess - Frivillig skogvern på privat grunn - 28 områder i Telemark.*

*Statnett har ikke transmisjonsnettanlegg som blir berørt av planene og har derfor ingen merknader.»*

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 20.12.21, fikk utsatt frist) uttaler følgjande:

«*I NGUs malmdatabase er det en registrering Songedalsnuten5 sørvest i planområdet. Registreringene har ingen verdivurdering. Statsforvalteren bør opprette kontakt med NGU og innhente ytterlegare informasjon om registreringa før eventuelt vern av området.»*

Direktoratet for mineralforvaltning (brev datert 20.12.20) skriver at deira sektorområde ikkje er rørt, og har ingen merknader.

## **STATSFORVALTERENS KOMMENTARER TIL DE INNkomNE MERKNADENE**

Når det gjeld uttalen frå Språkrådet er Statsforvaltaren einig i tilrådinga deira på namnet Hovdestøy og Songedalsnuten. Dette namnet vert bruka i denne høyringa.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som føreslås verna ikkje har staul/seterområde, men skulle det vere aktuelt med beitedyr her er det teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav e og g, § 6 bokstav a, § 7 bokstav e og g.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at vi har teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

I forhold til utsegna frå BirdLife Norge avdeling Telemark som ønskjer kartlegging av fugl i områdane som inngår i oppstartsmeldinga av oktober 2021 vil vi kommentere at fugl ikkje inngår som ein fast del av kartleggingsoppdraget som konsulentfirmaa utfører (kartlegginga følgjer metodikken i handbok 13 frå DN). Dette forklarar kvifor det kjem fram lite eller ingen kunnskap om fuglar i dei biologiske kartleggingane som gjennomførast som del av verneprosessen. I ein del tilfelle sit Statsforvaltaren sjølv på kunnskap om fuglelivet i tilknyting til tilbodsområde, som då synliggjørast i høyringa for det enkelte området. Dette kan i enkelte tilfelle innebere at områder med lokal verneverdi (\*) hevast til ein høgare verneverdi. Statsforvaltaren er i prinsippet einig med BirdLife Telemark i at kartlegginga av fugl burde vore ein fast del av kartleggingane. Frå 2021 vil alle områder kartleggast etter den nye NiN-metodikken, og kartlegging av fugl inngår ikkje i metodikken.

Når det gjeld uttalen frå Naturvernforbundet i Midt-Telemark så gjeld den fyrst og fremst for regionen Midt-Telemark, og Statsforvaltaren har difor ikkje kommentar til deira uttale når det gjeld Hønsegjuvet som ligg i Seljord kommune.

Når det gjeld innspelet frå Direktoratet for mineralforvaltning så vil Statsforvaltaren sende høringsdokumentet i egen e-post til NGU med ynske om at dei vil sjå på saka og kome med uttale.

### **Vidare sakshandsaming**

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 1. april 2022**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage

innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

## 5. Verneplanen sitt omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Hovdestøy og Songedalsnuten naturreservat	Fyresdal	3	3646	(*-***) lokal-regional

Statsforvaltaren har med grunnlag i kunnskap om fleire raudlista fugleartar i området heva verneverdien frå ei stjerne (\*) til en-to stjerner (\*-\*\*).



Svartsonekjuke registrert i området. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

## 6. Faktaark

LOKALITET:	<b>Hovdestøy og Songedalsnuten</b>
KOMMUNE:	<b>Fyresdal</b>
FYLKE:	<b>Vestfold og Telemark</b>
VERNEKATEGORI:	<b>Naturreservat</b>
AREAL:	<b>3646 daa</b>
HØGDE OVER HAVET:	<b>Ca. 490-923 m.o.h.</b>
EIGEDOMAR:	<b>Gnr./bnr.: 75/3 og 4, 78/3, 80/1</b>

Under gjengis det som er kjend om biologiske registreringar i tilknyting til det føreslårte naturreservatet Hovdestøy og Songedalsnuten i Fyresdal kommune. Grunna ulike tilbod som har kome inn undervegs i vernearbeidet, består området av to kartlagde areal, med eige faktaark for kvar av områda. Det vart gjennomført naturfaglige registreringar av området *Sundsvatn* som omfattar Hovdenuten i 2019, og i området *Sundsvatn, utviding* som omfattar Songedalsnuten vart naturfaglige registreringar gjennomført i 2020. Vi gjer merksam på at eit areal som vart kartlagt i 2019 ligg på nordsida av Sundsvatn. Der ligg mellom anna kjerneområde 2 som vert skildra i fagrapporten.

I avsnitta «verneinteresser» er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalte. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utsyrdding. Status er henta fra Norsk Raudliste 2015, frå Artsdatabanken. VU = sårbar, NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

### SKILDRING AV OMRÅDET

#### *Sundsvatn* (henta frå Brynjulvsrud 2020)

Lokaliteten ligg nord og sør for Sundsvatn, og omfattar sør-, aust- og nordvende lisider, kollar, fjell, myr flater og bakkemyr. Berggrunnen består av kvartsitt og konglomerat, sedimentær breksje (minner om konglomerat, men har mer skarpkantete bruddstykker, og er dannet ved forsteining av urer eller raskt sammenskyllete, grove sedimenter). Lausmassane består for det meste av morenemateriale og mindre parti elve- og bekkeavsetning. Lokaliteten ligg i nordboreal vegetasjonssone i klart oseanisk vegetasjonsseksjon.

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Området domineras av fattige vegetasjonstypar i skog og på myr, men det førekjem også ein del areal med noko rikare vegetasjon. I dei fattige områda dominerer blåbær- og bærlyngvegetasjon og det førekjem ein del lyng og lavvegetasjon på høgareliggende grunnlendte kollar. Svak lågurtvegetasjon og små parti med høgstaudevegetasjon førekjem i hovudsak i sigepåverka parti nord og aust for Hovdenuten. Gran og furu er dei dominerande treslaga. Bjørk finst i heile området, og rogn og selje opptrer spreidd. Middels bonitet dominerer i areal i sør og vest men det førekjem også ein betydeleg andel med høg bonitet i desse områda. Resterande område domineras av lav bonitet og impediment.

Eldre hogstmoden skog dominerer avgrensa areal, med unntak av eit relativt lite felt med eldre produksjonsskog. I gran dominert skog førekjem varierande spreiing i aldersklassar samt ein del kontinuitetsberande strukturelement. I tillegg finst hogstmoden, men relativt strukturfattig granskog med samanbrot nært føreståande, og det er ein del død ved, men ferskt trevirke dominerer. Gamle grantre førekjem spreidd. I resterande område dominerer relativt strukturfattig furuskog med spreidde gadd og einskilde brannstubbar. Området ber preg av

bruk i lang tid, truleg dominert av plukkhogst, men det er lite tegn til inngrep i nyare tid innanfor avgrensa areal.

## VERNEINTERESSAR

Innanfor avgrensa areal dominerer fattig vegetasjon og som følgje er karplantefloraen relativt einsarta. I lisidene rundt Hovdenuten varierer likevel vegetasjonen ein del mellom fattig og intermediær (svak lågurtvegetasjon), samt med små parti med høgstaudevegetasjon. Dette medfører ein viss bredde i karplantefloraen med meir eller mindre krevjande artar som taggbregne, hengeaks, markjordbær, turt og tyrihjelm. Totalt vart 7 raudlista artar (2 VU, 5 NT) påvist i undersøkingsområdet; svartsonekjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT), gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT), trollotbeger *Acolium karelicum* (VU), blanknål *Calicium denigratum* (NT), og rotnål *Microcalicium ahneri* (NT). I tillegg vart det påvist granrustkjuke *Phellinus ferrugineofuscus*, duftskinn *Cystostereum murrayi* og piggbroddsopp *Asterodon ferruginosus*. Spreidde brannstubbar av furu i områda aust for Hovdenuten gir eit potensial for brannstubbelav.

Området oppnår høg mangeloppfylling på mangelnaturtypar som følgje av 260 daa gamal granskog som har middels udekt vernebehov i fylket. Naturtypen dekker over 10% av det avgrensa arealet. Området oppnår middels mangeloppfylling på generelle manglar som følgje av over 100 daa høgbonitetsskog og over 100 daa biologisk gamal skog. Området oppnår samla middels mangeloppfylling.

Kjerneområdet dekkjer om lag 10% av det avgrensa arealet og store delar av resterande område består av relativt strukturfattig skog. Skog på høg bonitet i samanbrotsfase i lisidene ved Sundsvatn tel positivt og området vert samla sett vurdert som lokalt verneverdig (\*).

### *Sundsvatn, utviding* (henta frå Hertzberg 2021)

Området ligg sørøst for Sundsvatn og strekk seg over Songedalsnuten og ned til Songedal i sørøst. Området omfattar nord-, aust- og sørøstvendte lisider, samt høgareliggende areal rundt Songedalsnuten. Berggrunnen består for det meste av kvartsitt, og noko konglomerat, sedimentær breksje. Lausmaterialet består stadvis av morenemateriale og bart fjell eller eit tynt lausmassedekke, men også noko djupare jord i parti. Lokaliteten ligg i nordboreal vegetasjonssone (90%) i klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Den sør-sørøstvendte lia opp frå Songedal har sørboREAL (10%) trekk.

## VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Området domineras av fattige vegetasjonstypar, men det førekjem også areal med noko rikare vegetasjonstypar. I dei fattige områda dominerer blåbær- og bærlyngskog, og det førekjem ein del lyng- og lavskog særleg i høgareliggende område på skrinnare mark. I dei høgareliggende områda, samt i øvre delar av den nordvendte lisida ned mot Sundsvatn er det i tillegg større areal med fattige bakemyrar. Lågurtskog og svak lågurtskog førekjem i hovudsak i den sørøstvendte lisida ned mot Songedal. Små parti med høgstaudeskog opptrer også flekkvis her. Gran er stort sett det dominerande treslaget, men det finst også ein del furu, særleg i øvre delar av lisida ned mot Sundsvatn. På toppunktet er det lågvokst gran og fjellbjørk som dominerer. Bjørk førekjem spreidd i heile området og det er også noko rogn og selje. I en sørøstvendte lia ned mot Songedal er det i tillegg til gran, ein del osp, samt mindre innslag av spisslønn, hassel og alm (VU).

Impediment og lav bonitet dominerer i verneforslaget, men i nedre delar av lisidene er det for det meste høg bonitet og innslag av middels bonitet. Skogkledde områder innanfor føreslått

verneverdig areal dominerast av halvgamal-gamal gran- og furuskog. Gamle tre og daud ved av gran er i all hovudsak konsentrert i kjerneområda, men det førekjem også spreidd med gamle graner elles. I resterande område dominerer strukturfattig furuskog med lite element. Området ber preg av bruk i lang tid, truleg dominert av plukkhogst, men det er elles lite tegn til påverknad i nyare tid innanfor avgrensa areal.

## VERNEINTERESSAR

Det er funne raudlista artar og signalartar knytt til kontinuitet i død ved og i tresjiktet. Totalt er det påvist 10 raudlista artar (2 VU, 7 NT); alm *Ulmus glabra* (VU), taiganål *Chaenoteca laevigata* (VU), svartsonekjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT), gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT), rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT), rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT), sukkernål *Chaenotheca subroscida* (NT), sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT), rimnål (NT), og *Chaenothecopsis viridialba* (NT). I tillegg vart det påvist krukkenål *Microcalisium disseminatum*, praktbarksopp *Veluticeps abietina*, granrustkjuke *Phellinus ferrugineofuscus*, rustflekknål *Chaenotheca farruginea*, gulgrynnål *Chaenotheca chryscephala*, piggbroddsopp *Asterodon ferruginosus*, lungenever *Lobaria pulmonaria*, samt furustokkjuke *Phellinus pini*. I den søraustvendte lia opp frå Songedal veks krusfellmose og putevrimose på bergveggar. Rapporten seier vidare at det i kjerneområde 1 truleg er potensial for fleire artar av serleg vedboande sopp knytt til daud ved av gran og osp. Element av gran finst elles også (svært) spreidd innanfor avgrensa verneforslag.

Avgrensa verneforslag vil kunne bidra til oppfylling av viktige manglar i skogvernet. Området oppnår høg mangeloppfylling av mangelnaturtypar som følgje av «rik blandingskog i lavlandet» (om lag 70 daa), og «gamal granskog». På dei generelle manglane gjeld; «lavlandsskog» (middels grad), «høgbonitetsskog» (middels grad) og «biologisk gamal skog» (middels grad) som gir middels mangeloppfylling på generelle manglar. Samla gir dette verneforslaget middels mangeloppfylling.

## SAMANDRAG FOR VERNEINTERESSER FOR HEILE VERNEFRAMLEGGET

Kvar einskild kartlegging har konkludert med at det er lokal verneverdi (\*). Det er totalt avgrensa fire kjerneområde og påvist 17 raudlista artar (Norsk Raudliste 2015). Totalt vert området vurdert som lokalt verneverdig (\*). Under registreringane i området vart det observert sporteikn av tretåspett, som ved kartleggingstidspunkt ikkje var oppført på Raudlista av 2015, men som no har fått raudlistestatus NT (nær trua) (Raudlista av 2021). Det same gjeld for furustokkjuke *Phellinus pini* som på Raudlista av 2021 har fått raudlistestaus NT. Myskemaure *Galium triflorum* som vart påvist i kjerneområde 1 *Haddroen S*, var ikkje oppført på Raudlista av 2015, men har fått raudlistestatus NT på Raudlista av 2021. I tillegg har den raudlista arten, rimnål *Chaenothecopsis viridialba*, blitt flytta frå raudlistestatus NT (2015) til ny raudlistestatus VU (sårbar) i 2021. Alm *Ulmus glabra* har blitt flytta frå raudlistestatus VU (2015) til raudlistestatus EN (sterkt trua) i 2021. I eitt av kjerneområda har kartleggar gjeve ein samla verdi på tre stjerner, to av kjerneområda har fått to stjerner, medan eitt kjerneområde har fått ei stjerne. Når det gjeld tema urørhet har to kjerneområde fått tre stjerner, på daud ved mengde har eitt område fått tre stjerner, og på rikdom har eitt kjerneområde fått tre stjerner.

Statsforvaltaren kjenner til at kongeørn har fleire reirplassar i dette området, og mellom anna finst det ein ny reirplass som vart funnen i 2021 innafor verneforslaget. Dette reiret ligg i ei grov gamal furu. Kongeørn er ikkje raudlista, men er ein forvaltingsmessig interessant art. I tillegg finst både gulspurv, granmeis og grønnfink i området. Alle er raudlista som sårbare (VU) på den nye Raudlista av 2021. I 2021 vart rødstilk observera ved Sundsvatn. Rødstilk er

no plassert i kategorien nær trua (NT) på Raudlista 2021. I området er det også kjend at det hekkar lavskrike, og den er observera i området så seint som i 2021. Dette er den vestlegaste kjende førekomensten av arten i fylket. Næraste kjende hekkeførekommst er i Hjartdal kommune, lengre øst i Telemark. Lavskrike er ikkje raudlista, men i ein nyare publikasjon om utbreiinga av arten kjem det fram at den er i tilbakegang i tidlegare viktige leveområde i Telemark. Ut ifrå desse tilleggsopplysningane meiner Statsforvaltaren at området samla sett oppnår verneverdien lokal-regional (\*-\*).

## FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfold på grunn av førekommst av gamal lågurtgranskog i låglandet som innehold parti med høgstaudevegetasjon, samt at området har spreidd gadd, daud ved og brannpåverking.

Området har særskilt naturvitenskapelig verdi på grunn av førekommst av sjeldne og trua arter av karplanter, sopp og lav.

## ANDRE INTERESSER


Ingen kjende.

## TEKNISKE INNGREP

Ei hytte er teke ut av vernearealet. Dette er vist i vernekartet.

## PLANSTATUS

Arealet ligg i området sett av til LNFR (landbruks- natur- og friluftsområde) formål, jf. figur under, henta frå kommuneplanen sin arealdel (2014-2026). Heile det føreslegne verneområdet ligg i føresegnene i kommuneplanen innanfor omsynssone for verna vassdrag. I tillegg ligg store deler av arealet innanfor omsynssone for villrein.



Figur viser LNFR området (i grønt), hensynssone «verna vassdrag» (diagonale linjer) og omsynssone for villrein (horisontale linjer).

## MERKNADER

Vi kjenner ikkje til stigar med vidare i området.

## SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen viser skogbruksopplysningar for det føreslegne verneområdet.

Namn	Total-areal daa	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst m <sup>3</sup> /daa	Volum m <sup>3</sup>
		H	M	L	Sum	Myr		Vatn	Imp.		
Hovdestøyl og Songedalsnuten naturreservat	3660	26	658	1985	2669	616	13	13	361	0,19	23170

Opplysningsane er levert av AT Skog.

## LITTERATUR

Brynjulvsrud J. G. 2020. Naturverdier for lokalitet Sundsvatn, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2018. NARIN faktaark. BioFokus.

Hertzberg, M. 2021. Naturverdier for lokalitet Sundsvatn, utvidelse, registrert i forbindelse med Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.



Høgstaudevegetasjon ved Hovdenuten N. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud

## 7. Framlegg til verneforskrifter

### Kommentarar til forskriftene

#### Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltagarar. Er det fleire deltagarar må det søkjast om løyve, og då kan forvalningsstyremakta vurdere dette i høve til § 7 bokstav f.

#### Vedlikehald av bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i høve til tilstand på vernetidspunktet.

Aktuelle bygningar, vegar og andre installasjonar som finst på vernetidspunktet blir vanlegvis teikna inn på vernekartet.

#### Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdsselsvegar.

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stigar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stigar kan kappes og leggas til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav a til rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdsselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stigar ein ikkje har kjent til ved vernet.

#### Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gis dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seie at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

#### Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsloven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stigar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftslovens bestemmelser. Jf. bestemmelsen i § 5 bokstav b.

#### Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat (grense på om lag 700-1000 daa). Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

## **Forslag til forskrift om vern av Hovdestøy og Songedalsnuten naturreservat i Fyresdal kommune i Vestfold og Telemark fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfold på grunn av førekomst av gamal lågurtgranskog i låglandet som innehold parti med høgstaudevegetasjon, samt at området har brannstubbar av furu, spreidde gadd og daud ved.

Området har særskilt naturvitenskapelig verdi på grunn av førekomst av sjeldne og trua artar av karplanter, sopp og lav.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Fyresdal kommune: 75/3 og 4, 78/3, 80/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 3646 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet .....20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Fyresdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går frem av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje utømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

### **§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Vedlikehald og merking av eksisterande stigar innafor verneområdet.
- e. Beiting.

- f. Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- g. Utsetjing av saltsteinar.
- h. Forsiktig rydding av små buskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- i. Bålbrening med tørrkvist frå bakken eller ved ein har teke med, i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gis melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdelsvegar.
- b. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c. Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- e. Hogst av etablerte plantefelt.
- f. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d.
- g. Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- h. Øvingskjøring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- i. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav g og § 7 bokstav a, c, d og f.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

**§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (forvaltingsstyremakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyremakt etter denne forskrifta.

**§ 12. (iverksetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Død ved av osp funnet i området. Foto: John Gunnar Brynjulvsrud